

Eksamen

15.11.2021

LGA2002 Forvaltning og drift / Forvaltning og drift

Programområde: Landbruk og gartneri

LK06

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>I denne oppgåva blir det lagt vekt på at du kan:</p> <ul style="list-style-type: none">• gje att viktig fagstoff, beskrive og liste opp tillært kunnskap• forklare korleis noko heng saman, gjere greie for løysingar, bruke kunnskap/teori• vurdere ein situasjon, setje løysingar opp mot kvarandre (drøfte), analysere deg fram til løysingar, grunngje vala du gjer, gjere greie for konsekvensar av vala dine. <p>Den endelege vurderinga av svaret ditt skal vere ei heilskapleg vurdering av den samla presentasjonen din.</p>
TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:	
<ul style="list-style-type: none">• Start med å lese oppgåveinstruksen godt.• Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.• Les gjennom det du har skrive, før du leverer.• Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.	

Lykke til!

Situasjonsbeskriving:

Du har teke over frå foreldra dine eit gardsbruk som heiter Rønningen.

- Rønningen har 150 dekar fulldyrka jord. Jorda består av 100 dekar sandjord og 50 dekar myr. Dreneringstilstanden på myrjorda er middels.
- Våningshuset er i god stand.
- Maskinparken er i middels stand.
- Det er eit gammalt reiskapshus på 90 kvadratmeter på garden.
- Mjølkekvoten er leigd bort, men du kan få han tilbake om tre år. Den er på 100 tonn mjølk.
- Det er ein gamal fjøs på garden, som har vore brukt til 200 slaktegris dei siste åra. Fjøsen er sliten og må totalrenoverast. Du vurderer også nybygg og/eller andre produksjonar.
- Den dyrka jorda har vore brukt til produksjon av rundballar for sal.
- Det er 2400 dekar skog og 2500 dekar fjell og myr. Det er også ei lakseelv med 400 meter lakseførande strekning som følgjer med garden.
- Andre opplysningar du treng, og kvar denne garden ligg i Noreg, må du i dei neste oppgåvene føresetje sjølv.

Oppgåve 1

- a) Beskriv ein av naturtypene på denne garden.
- b) Drøft korleis næringsdrift i denne naturtypen kan påverke det biologiske mangfaldet.

Oppgåve 2

- a) Foreslå ei ny verksemd du kan starte med på garden i naturtypen frå oppgåve 1.
- b) Du tenkjer å lage ein forretningsplan for denne verksemda. Kva er føremålet med denne, og kva bør denne forretningsplanen innehalde?
- c) Beskriv ulike eigarformer som kan vere aktuelle for den nye verksemda du foreslår i a). Vel ei eigarform og grunngje valet.

Oppgåve 3

Du tenkjer å tilsetje ein arbeidstakar i næringsdrifta frå oppgåve 2. Gjer greie for kva du tenkjer er profesjonell arbeidsleiing av denne arbeidstakaren.

Oppgåve 4

- a) Vel ein ordinær landbruksproduksjon du vil drive med på denne garden som utnyttar den dyrka marka på garden til ein produksjon. Kva for verktøy vil du bruke for å planleggje økonomien i denne produksjonen?
- b) Vis korleis du kan setje opp ei enkel oversikt over økonomi som endar i driftsoverskot.
- c) Kva betydning har korrekt rekneskapsføring for deg når du driv denne produksjonen?

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>I denne oppgava blir det lagt vekt på at du kan:</p> <ul style="list-style-type: none">• gjengi viktig fagstoff, beskrive og liste opp tillært kunnskap• forklare hvordan noe henger sammen, gjøre rede for løsninger, anvende kunnskap/teori• vurdere en situasjon, sette løsninger opp mot hverandre (drøfte), analysere deg fram til løsninger, begrunne valgene du gjør, gjøre rede for konsekvenser av valgene dine. <p>Den endelige vurderingen av besvarelsen skal være en helhetlig vurdering av den samlede presentasjonen din.</p>
TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:	
<ul style="list-style-type: none">• Start med å lese oppgaveinstruksen godt.• Husk å føre opp kildene i svaret ditt dersom du bruker kilder.• Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.• Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.	

Lykke till!

Situasjonsbeskrivelse:

Du har overtatt fra dine foreldre et gårdsbruk som heter Rønningen.

- Rønningen har 150 dekar fulldyrka jord. Jorda består av 100 dekar sandjord og 50 dekar myr. Dreneringstilstanden på myrjorda er middels.
- Våningshuset er i god stand.
- Maskinparken er i middels stand.
- Det er et gammelt redskapshus på 90 kvadratmeter på gården.
- Melkekvoten er leid bort, men du kan få den tilbake om tre år. Den er på 100 tonn melk.
- Det er et gammelt fjøs på gården, som har vært brukt til 200 slaktegris de siste årene. Fjøset er slitt og må totalrenoveres. Du vurderer også nybygg og/eller andre produksjoner.
- Den dyrka jorda har vært brukt til produksjon av rundballer for salg.
- Det er 2400 dekar skog og 2500 dekar fjell og myr. Det er også en lakseelv med 400 meter lakseførende strekning medfølgende gården.
- Øvrige opplysninger du trenger, og hvor denne gården ligger i Norge, må du i de neste oppgavene forutsette selv.

Oppgave 1

- a) Beskriv en av naturtypene på denne gården.
- b) Drøft hvordan næringsdrift i denne naturtypen kan påvirke det biologiske mangfoldet.

Oppgave 2

- a) Foreslå en ny virksomhet du kan starte med på gården i naturtypen fra oppgave 1.
- b) Du tenker å lage en forretningsplan for denne virksomheten. Hva er hensikten med denne, og hva bør denne forretningsplanen inneholde?
- c) Beskriv ulike eierformer som kan være aktuelle for den nye virksomheten du foreslår i a). Velg en eierform og begrunn valget.

Oppgave 3

Du tenker å ansette en arbeidstaker i næringsdriften fra oppgave 2. Gjør rede for hva du tenker er profesjonell arbeidsledelse av denne arbeidstakeren.

Oppgave 4

- a) Velg en ordinær landbruksproduksjon du vil drive med på denne gården som utnytter gårdens dyrka mark til en produksjon. Hvilke verktøy vil du bruke for å planlegge økonomien i denne produksjonen?
- b) Vis hvordan du kan sette opp en enkel oversikt over økonomi som ender i driftsoverskudd.
- c) Hvilken betydning har korrekt regnskapsføring for deg når du driver denne produksjonen?



www.vigoiks.no/eksamen